

## Kapellet, preste- og samtaletjenesten

Sykehus kapellet ligger i 1. etg. rett ved inngangen til B-blokken. Personalet kan forklare og vise deg vei! Det vil bli annonsert i denne Søndagshilsen når det er gudstjeneste i kapellet. Gudstjenestene er med nattverd. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

### SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

### SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «Prestetjeneste».



**Haraldsplass**  
Diakonale sykehus



Vil du ha mer informasjon  
eller trenger du å snakke med oss?



Tlf: 922 07 527



[www.haraldsplass.no](http://www.haraldsplass.no)  
Søk :prestedtjenester

# Søndagshelsing

19.06. 2022

2. søndag i treeiningstida

**Tema: «Aqua vitae»**



**Kapellet ved kantina  
er å ope kvar dag for lystenning eller ei stille  
stund.**

## 2. søndag i treeiningstida

### Preiketekst: Esek 36,25-29a

(Esekiel seier: Så seier Herren Gud...):

25 Eg stenkar reint vatn på dykk, så de blir reine. Eg vil reinsa dykk for all ureinkskapen og for alle avgudane. 26 Eg gjev dykk eit nytt hjarte, og ei ny ånd gjev eg inni dykk. Eg tek steinhjartet ut or kroppen på dykk og gjev dykk eit kjøthjarte i staden. 27 Og min Ande gjev eg inni dykk og gjer at de følgjer forskriftene mine, held lovene mine og lever etter dei.

28 Då skal de få bu i det landet eg gav fedrane dykkar. De skal vera mitt folk, og eg skal vera dykkar Gud. 29 Eg friar dykk ut frå all ureinkskap. Så kallar eg fram kornet og gjer grøda stor; eg gjev dykk ikkje svolt.



## «Esekielbrød»

Har du høyrte om, eller smakt, Esekiel-brød? Du finn oppskrifta i Esekiel-boka i Det gamle testamentet (Esek 4,9) og brødet er både næringsrikt og godt.

Esekiel var ein prest som levde 5-600 år f Kristus. Han blei ført i fangenskap i Babylon og der kalla til profet. Han forkynte dom over folket for deira misgjerningar og Jerusalem sin undergang, men forkynte også trøyst, Guds tilgjeving og gjenreising av Jerusalem og folket. Brøddoppskrifta fekk han av Gud, då han som eit sonoffer skulle ligge utanfor Jerusalem sine murar og bare leve av brød og vatn i 390 dagar.

I vår tekst formidlar Esekiel stemma til ein tilgjevande Gud som sjølv vil ta bort menneska sine synder, og gi menneska eit nytt hjarte. Det er Gud som handlar. Det er Gud som kjem til menneske med si tilgjeving, og reinsar bort alt hardt og vondt med sitt heilage vatn, for at vi skal bli mottakelege for Guds gode kjærleik og leve i den.

Vatn er et viktig symbol i kristen tru. I dåpen lærer vi at vi blir reinsa og fødde på ny i Kristus og tatt inn i den verdsvide kyrkjelege fellesskapen. Nokre kyrkjesamfunn stenkar vievatn på medlemmene sine under gudstenesta. Eg har opplevd det, og kjente då at eg gjerne ville ha ein dråpe på meg og, som ei konkret påminning om at også eg høyrer til i denne fellesskapen. Livets vatn - Aqua vita!

God søndag!

Kristin Lødøen Hope, sjukehusprest